

Referat etter foreldremøte for 6. og 7. årstrinn 12.02.15

På møtet var 12 heimar representerte. Frå skulen var kontaktlærarane Liv Pletten og Kirsten Skage Mellingen til stades.

Saker som var framme:

It's learning: Alle foreldre har ein brukarkonto på it's learning.

Brukarnamn 6. og 7. trinn: 6.-7.trinn, passord: 2001og2002. Her finn de generell info, årsplanar, månadsbrev osv. Kompetansemål for dei ulike trinna kan de og finna på udir.no. Elevane har eigen konto og leverer av og til lekser på it's learning gjennom eit mailsystem. Fint om dei først lagrar eit skriveprogram og lastar dokumentet opp som vedlegg. Det kan og bli gitt leselekse som dei kan lesa inn. Dei går då inn på ny melding – sett inn – nytt lydopptak – les inn teksten – lagre og send. Vi vil visa elevane korleis dei gjer dette når det vert aktuelt med slik lekse.

Foreldrefesten, onsdag 29.april: Elevane inviterer til foreldrefest der dei viser eit program som vi førebur på skulen. Etterpå vert det mat som foreldrekontaktane bestiller. 7.trinn kan baka platekake i mat og helse-timane. Kvar heim har med eigen drikke (brus, kaffi, saft, vatn ...). Foreldre kan og bidra med underhaldning om dei ynskjer det.

Skøytedag til Bergen i regi av FAU: Det er kome innspel frå foreldre om ein kan arrangere ein skøytedag i Bergen. FAU og foreldremøtet stiller seg positive til forslaget. Turen vert ev. arrangert for 5. – 7. trinn.

Klassemiljøet: Det er godt miljø i klassen. Elevane trivst i lag og verkar glade og fornøgde. Vi har fokus på klassemiljøet og variasjon i undervisninga, og prøver å ha små avbrekk i kvardagen med t.d. smartboard aktivitetar, konkurransar o.s.b.

Val av foreldrekontaktar for 6.klasse: Foreldrekontakt for neste års 7. trinn vert Bengt Mongstad og vara Mona Brekkan.

Avslutningsfesten for 7.trinn: Datoen for årets avslutningsfest vert mest sannsynleg tors.18.juni. Det er vanleg at foreldre frå 6.trinn hjelper til med servering av maten. Foreldra til 7.trinn fekk utdelt ei liste over rutinar og ansvarsfordeling for avslutningsfesten.

Informasjonsmøte med ungdomsskulen for elevane på 7.trinn og deira føresette vert dette året på ungdomsskulen. Innbyding til møtet kjem seinare.

Leirskulen i Kinsarvik frå 18.-22.mai: Kontaktlærar delte ut utstyrsliste, leirskulen sine ordensreglar og «dagens gang på leirskulen». Mest sannsynleg vil jentene våre dela ei hytte og gutane skal dela ei. Det vart snakka litt laust og fast om aktivitetar, mobiltelefon-bruk, lommepengar, bussturen osv. Foreldra ynskjer at det vert brukt 2 vanlege bussar i staden for 1 «dobbeldekkar». Det har vist seg at det er for liten bagasjeplass i dobbeldekkaren når så mange skal på tur ilag. Tryggleiken vert ikkje ivaretatt på skikkeleg måte dersom ein del bagasje må setjast i midtgangen av bussen. Kontaktlærar vil bringa ynskjet frå foreldra vidare til rette vedkomande. Kontaktlærar vil senda heim eit fyldig informasjonsskriv om leirskulen når tida nærmar seg.